

## G8-toppmøtet 2005

Valter Angell og Ivar Windheim

Sommaren 2005 blei toppmøtet mellom leiarane for verdas mektigaste land (G8-landa) vigd stor merksemd i media verda over. Møtet verka som flugepapir på titusenar engasjerte demonstrantar frå ein rik flora av ikkje-statlege, internasjonale grasrotorganisasjonar. Store politistyrkar måtte til for å halde demonstrantane på avstand. Over heile verda trakk kjende popartistar hundretusenar til konsertar, fleire millionar i alt. Statsleiarar, demonstrantar og popartistar hadde felles tema: miljø, gjeld, handel og bistand. Etter møtet kunne den stolte verten for toppmøtet – den britiske statsministeren Tony Blair – hevde at viktige resultat var oppnådde.

Aktivistane påsto derimot at bidraget var for lite og kom for seint.

- Korleis kan aktivistar og Blair kvar på sin måte ha rett i vurderingane sine av årets G8-møte?
- Kva er eigentleg G8-møta?
- Kva kom ut av årets møte?
- Kor mye forpliktar slike møte?

### Afrika på kartet

Statsminister Blair kan syne til at han fekk sett Afrikas problem på kartet. Denne verdsdelen har ikkje fått ta del i den veksten dei fleste utviklingslanda har opplevd dei siste tiåra. Årsakene til det er mange. Mange afrikanske land blir slett styrte, korrupsjonen er omfattande, utdannings-

og helsetilbodet er svakt og omfanget av sjukdom, især hiv/aids, er stort. Utanlandsgjelda tynger, og betaling av renter og avdrag på gjelda utgjør ein svært stor del av eksportinntektene. Eksport av landbruksvarer frå sør blir hindra av omfattande tollbarrierer og subsidiar i nord.

### Lovnader

Vedtaka frå toppmøtet om å komme Afrika i møte er konkrete, og over tid er ambisjonane store. EU skal i løpet av dei neste ti åra auke bistanden sin slik at dei når FN-målet om 0,7 % av BNP i 2015. Minst halvdel av denne auken skal gå til Afrika. Også Japan har lova å auke bistanden mye – heile 10 milliardar dollar over dei neste fem åra. Canada vil doble hjelpa i same tidsrom og USA det same overfor Afrika sør for Sahara. I sum inneber løfta frå G8-landa ein auke av bistanden på 50 milliardar dollar innan

### Live 8 sommaren 2005

Som del av kampanjen «Make poverty history» var Live 8 ei rekke konsertar som blei haldne i London, Paris, Roma, Berlin, Philadelphia, Tokyo, Toronto og Moskva – ein for kvart G8-land, og ein i Afrika sjølv, Johannesburg. Målet var å auke kunnskapen til folk flest om fattigdommen i Afrika og presse G8-leiarane til å gjøre temaet til eit hovudtema på G8-møtet i Gleneagles. Konsertane blei haldne like i forkant av G8-møtet for å mobilisere maksimalt press på leiarane. Det er antatt at meir enn 2 mrd. menneske såg konsertane. I spissen for Live 8 finn vi Bono, Richard Curtis, Bob Geldof, Harvey Goldsmith, John Kennedy, deira organisasjonar og hundrevis av lokale partnerar. Minst 26 millionar menneske over heile verda skreiv under på kampanjens oppmoding til G8-leiarane.


Live 8s nettstad: [www.live8live.com](http://www.live8live.com)

### «Gjør noe med fattigdommen i verda, NÅ.»

Dette var budskapet for Live 8 og kampanjen «Make poverty history» sommaren 2005. Kva var målet med Live 8? Kva for ein samanheng inngjikk konsertane i?

Illustrasjon:

[Politicalcartoons.com](http://Politicalcartoons.com)



# G8-toppmøtet 2005



Illustrasjon:  
Politicalcartoons.com

Bob Geldof oppsummer-  
te måla til Live 8 slik:  
«Det handlar om å endre  
den politikken som held  
Afrika nede i fattigdom.»

Drøft påstanden:  
«Musikk og politikk bør  
ikkje blandast.»

**Nelson Mandela** prøvde  
å bevege G8-leiarane ved  
å seie: «Historia og ko-  
mande generasjonar vil  
bedømme leiarane våre ut  
frå dei vedtaka dei gjør i  
dei komande vekene. Eg  
vil seie til alle desse leia-  
rane, ikkje sjå den andre  
vegen. Ikkje nøl.»

Korleis kan det interna-  
sjonale samfunnet sikre at  
lovnadene frå G8-møtet  
sommaren 2005 verkeleg  
blir sette ut i livet?

Drøft påstanden:  
«Mobilisering av folke-  
massane har lite å seie for  
om G8-landa bidrar eller  
ikkje.»

[http://www.makepoverty-  
history.org/whatwewant/i-  
ndex.shtml](http://www.makepoverty-history.org/whatwewant/index.shtml)

Kva fortel overskriftene  
om Live 8 og motiva til  
arrangørane?

- *This is not Live Aid 2*
- *Frå Live Aid til Live 8*
- *Live 8 handlar om rett-  
ferd, ikkje velgjerd*

2010, med ein halv-  
part øremerka for  
Afrika. Beløpet er i  
overkant av det som  
var kjent før topp-  
møtet. Dette er ein  
vinst som også kan  
godskrivast innsat-  
sen til aktivistar og  
eit breitt folkeleg  
press, godt støtta av

*OLE*  
kraftfull sang frå  
kjende artistar som Bono og Geldof.

## Gjeldslette og krav

Omfattande gjeldslette er ein del av pak-  
ken frå toppmøtet, og G8-landa blei einige  
om full ettergiving av gjelda til **dei fatti-  
gaste** landa. Dette omfattar gjelda desse  
landa har til internasjonale finansierings-  
institusjonar som Pengefondet (IMF) og  
Verdsbanken (altså gjeld til offentlege kre-  
ditorar). Dermed blir desse i neste omgang  
i stand til å låne ut meir pengar til dei  
same landa ettersom landa då er kvitt mye  
av gjelda si.

Med ettergivinga følger det **krav**. Land  
som skal få sletta gjelda si, må føre ein  
økonomisk politikk som er godkjend av  
dei internasjonale finansieringsinstitusjo-  
nane. Dei landa som alt arbeider i tråd  
med desse krava, skal imidlertid ikkje  
møte tilleggskrav. Samtidig blir det lagt  
opp til ein prosess der afrikanske land skal  
overvake og hjelpe kvarandre til å oppnå  
eit sterkare vekstgrunnlag i regionane sine.  
Neste etappe etter sommaren G8-møte  
har vore årsmøta i dei internasjonale fi-  
nansieringsinstitusjonane. Med det søke-  
lyset som nå har vore mot gjeldslette, er  
muligheitene for unnaluring mindre enn  
før. Kan hende er det derfor beløpet blei  
stadfesta på Verdsbankens årsmøte i sep-  
tember?

## Miljø, skatt og flyreiser

På fransk initiativ blei det på G8-toppmø-  
tet også foreslått nye måtar å krevje inn bi-  
standspengar på – ein frivillig skatt på fly-  
reiser (100–200 kroner, avhengig av leng-  
da på reisa). Motiva bak forslaget er  
mange: fokusere korleis flytransport for-

ureinar ekstra mye, bidra til fattigdomsbe-  
kjemping og til meir stabile inntekter for  
FN. Sveits har alt innført slik frivillig  
skatt, og i EU er det gitt klarsignal for det  
same. Mange tviler likevel på om denne  
tanken vil kaste særleg mye av seg.

For arrangørane var toppmøtet ein suk-  
sess og eit varsel om ein ny æra for inter-  
nasjonalt bistandssamarbeid. Tendensen  
dei seinare åra til lågare offentlege bi-  
standsoverføringar frå nord til sør kan sy-  
nast å vere broten.

Når det gjeld hovudtemaet i miljødrøf-  
tingane, var resultatet meir beskjedent.  
USA vil fortsatt ikkje slutte seg til Kyoto-  
avtala, men det er positivt at landet nå sy-  
nest å erkjenne at oppvarming finn stad og  
at årsaka er menneskeskapt. Kanskje kan  
katastrofeøydeleggingane etter orkanen  
Katrina i fleire sørlege delstatar i USA gi  
pipa ein annan låt?

## Kva er G8-møta?

Oljekrisa tidleg på 1970-talet førte til at  
leiarane for dei mektigaste landa begynte å  
halde eigne møte. Det begynte med seks  
land i 1975: USA, Japan, Tyskland,  
Frankrike, Storbritannia og Italia. Canada  
kom med i 1976 og Russland i 1998, der-  
for heiter det nå G8 – Group of 8. Også  
presidenten i EU-kommisjonen møter.  
Tema varierer frå møte til møte alt etter  
kva for behov som er til stades.  
Internasjonale økonomiske spørsmål har  
stått i sentrum, men etter kvart er tema-  
breidda blitt auka til også å omfatte miljø-  
og utviklingsspørsmål, arbeidsløyse, orga-  
nisert kriminalitet mm. På toppmøtet i  
Gleneagles utanfor London var også inter-  
nasjonal terrorisme komen på dagsorde-  
nen. Men fokus var på behovet for å redu-  
sere utviklingslandas gjeldsbyrde og på til-  
tak mot global oppvarming.

G8 er ein **møteplass** for å utforme ved-  
tak som formelt sett ikkje er forpliktande.  
På dei årlege toppmøta er det statsleiarane  
som møter, og her kan personlege kontak-  
tar bli etablerte. Gjennom året blir det hal-  
de fleire møte på ministernivå, mellom  
ministrar med ansvar for utanriks-, finans-  
og miljøpolitikk. I G8 møter også repre-  
santar for ein del u-land – avhengig av  
kva som er på dagsordenen.

Diskuter innhaldet i sitata under «Desse konsertane er starten på den lange marsjen for rettferd, vår einaste måte å gjøremstemmene våre hørt på.» [www.live8live.com](http://www.live8live.com)

«Utan tvil er Live 8 ein av desse augneblinkene i historia der vanleg folk kan gripe høvet til å oppnå noe verkeleg stort og krevje at dei 8 statsleiarane får slutt på fattigdom.» [www.live8live.com](http://www.live8live.com)

«G8-leiarane har makt til å endre historias gang. Men dei kjem bare til å vise vilje til å gjøremet titusenar av menneske syner dei at nok er nok.» [www.live8live.com](http://www.live8live.com)  
Ved å doble bistanden, slette gjeld og sørge for rettferdige handelsvilkår for Afrika kan G8-leiarane forandre framtida til millionar av barn, kvinner og menn.» [www.live8live.com](http://www.live8live.com)

På G8-møta søker dei store landa å komme til ei felles forståing av viktige spørsmål, mens den konkrete gjennomføringa av politikken blir overlaten til etablerte internasjonale organisasjonar som FN med underorganisasjonar, Pengefondet og Verdsbanken. Statsleiarane kan ikkje gi bindande løfte av økonomisk karakter som gjeld fleire år inn i framtida, eksempelvis når det gjeld bistand. For slike tilsegner føreset behandling og fullmakter frå dei nasjonale parlamenta, år for år (jf. statsbudsjett). Derfor ser vi ofte at ønskemål om kva som skal skje i framtida, ikkje blir innfridde. Eit eksempel er einstemmige vedtak i FN, som målet om at bistanden skal utgjøre 0,7 % av bruttonasjonalproduktet i industriland.

Møtestad roterer mellom medlemslanda. G-8 har ikkje noen fast stab eller noe eige budsjett. Regjeringa i det landet som skal stå som vert for toppmøtet eit gitt år, finansierer møte og aktivitetar gjennom dette året.

Sjølv om mange meiner at handel er viktigare enn bistand, resulterte toppmøtet i få konkrete forpliktingar om å redusere dei eksporthindringane som møter afrikansk eksport. I Afrika finn vi storparten

av arbeidskrafta i jordbrukssektoren, og landbruksprodukt utgjør det største eksportpotensialet. Men toll og subsidiar i nord utgjør som nemnt eit alvorleg hinder. Støtta til landbruket i dei rike landa er nær fem gonger større enn bistanden til sør (2003: ca 69 mrd. dollar, 0,25% av bruttonasjonalinntekta), godt over 300 milliardar USD. Store overskot frå jordbruksproduksjonen i EU og USA blir dumpa på verdsmarknaden og pressar afrikanske varer ut derfrå, delvis jamvel ut av nasjonale marknader. Skyhøge tollmurar rundt dei rike landa gjer det uråd for land i sør – sjølv dei med naturlege føremoner for produksjon av jordbruksvarer – å tene på handel. Når det gjeld toll, er Norge ein av verstingane i klassen. Viktige varer som kjøt og korn har tollsatsar opp mot 500 prosent. Styresmaktene seier rett nok at dei fattigaste landa/MUL-landa) slepp tollfritt inn på den norske marknaden, men unnlèt å opplyse at dette er eit fåtal land utan produkt å eksportere. Manglande handel syner klart det.

## Norge – ein versting?

Dei afrikanske landa er i dag samstemde i kravet om betre tilgang for sine produkt på marknaden til dei rike landa og at eksportsubsidiene må bort. Dette er nytt i handelssektoren. Dei har gjort eigne utgreiingar og fatta sterke vedtak på møte i Den afrikanske union (AU) om kva handel betyr for afrikansk utvikling. Noen, som Ugandas president Museveni, går så langt som til å seie «Trade, No Aid». Landa i sør står nå saman om å krevje liberalisering av internasjonal handel for sine eksportvarer (jordbruksvarer), altså lettere innpass på marknaden i i-landa. Samla bak førarlanda Brasil, Kina og India har dei fått ny styrke i forhandlingar om internasjonal handel. Men G8-landas svar på handelskrava var tafatte og uforpliktande i Gleneagles. Uttrykk som «dobra politisk innsats» gir lite håp om at landa i nord vil endre sin nasjonale jordbrukspolitik.

## Samstemde afrikanske land

Saka er ganske enkelt den at skal Afrika eksportere meir, må landa i nord produsere

## FNs tusenårs mål

8 hovudmål og ei rekke delmål som skal nås innan 2015:

### 1. Utrydde fattigdom og svolt

- Halvere andelen fattige som lever på mindre enn ein dollar per dag
- Halvere andelen som lever under hungersnød

### 2. Grunnutdanning for alle

- Alle barn skal få fullføre ei grunnskuleutdanning

### 3. Fremme likestilling

- Oppnå full likestilling på alle nivå innanfor utdanning

### 4. Redusere småbarnsdødstala

- Redusere barnedødstala med to tredelar for barn under fem år

### 5. Betre mødre helse

- Redusere møredødstala med tre firedelar

### 6. Bekjempe HIV/AIDS, malaria og andre sjukdommar

- Snu trenden med auke av hiv/aids og andre sjukdommar til ein reduksjon

### 7. Sikre ei miljøvenleg og bærekraftig utvikling

- Få bærekraftsprinsippet til å bli ein sentral del av landas politikk
- Halvere andelen av jordas befolkning utan tilgang på reint vatn

### 8. Utvikle ein global partnerskap for utvikling

- Vidareutvikle eit ope, rettferdig og regelbasert handels- og finanssystem
- Gjensidige forpliktingar for godt styresett, auka bistand og fattigdomsreduksjon

# G8-toppmøtet 2005



**G8-leiarane samla til spel om makt.** Kven av figurane kjenner du igjen ved namn? Og kven er jokeren i spelet?

Illustrasjon:  
*Politicalcartoons.com*

[www.farmaid.org](http://www.farmaid.org)

Drøft påstanden: «Det norske samfunnet må vere villig til å redusere den norske produksjonen av kjøtt, korn og andre landbruksvarer for å sikre betre tilgang for produsentar i sør og dermed redusere fattigdommen i verda.»

**Valter Angell** er forskar ved Norsk Utanrikspolitisk Institutt. Der er **Ivar Windheim** informasjonssjef.

mindre. Verken USA, EU eller Norge legg opp til auka import. Og i USA førebur Willy Nelson i spissen for Farm Aid konsert nummer 20. Dit er afrikanske songarar neppe innbedne.

## Vegen vidare

På spesialsesjonen i FN i september var meir enn 170 statsleiarar samla for å drøfte framdrifta mot FNs tusenårsmål. På årsmøta til

Pengefondet og Verdsbanken i september 2005 blei lovnadene om auka bistand frå G8-møtet bekrefte. Men dei strukturelle spørsmåla knytte til handel og arbeidsdeling mellom nord og sør kom knapt nærare ei løysing. Det store slaget vil finne stad under ministermøtet i Verdas handelsorganisasjon (WTO – World Trade Organisation). Møtet blir halde i Kina (Hongkong) i desember 2005.

## G77

Også u-landa har forskjellige organ for å samordne politikken sin. Mest kjend er kan hende G77-gruppa. G77 blei etablert i 1964 som eit ganske laust samarbeid mellom 77 utviklingsland. Innanfor FN-organisasjonen UNCTAD prøvde dei å samkøyre u-landas interesser og posisjonar i forhandlingar med i-landa om internasjonal handel. Her skulle u-landa få eit verktøy til å fremme sine felles interesser og sin forhandlingskapasitet i økonomiske spørsmål. Det var særleg i samband med forhandlingane om ei ny økonomisk verdsordning at G77 spelte ei framstående rolle. Talet på «medlemsland» er sidan blitt utvida til dagens 132 land og Kina. Det nokså lause samarbeidet har likevel halde på det opphavlege namnet. Samarbeidet gjeld i dag innanfor fleire FN-organisasjonar som FAO, UNIDO, UNESCO, UNEP, WTO og Pengefondet/Verdsbanken.

## Ueinsarta gruppe

Det er heilt feil å sjå på G77/Kina som ein einsarta blokk. Tvert imot er grupperinga svært samansett; det fremste fellestrekket er faktisk at dei ikkje er med i G8! Det er stor usemje innanfor G77, og makta ter seg der óg. Brasils og Indonesias holdning til skogspørsmål og urfolksaker er for eksempel heilt ulik den Filippinane og Ecuador har. Det same gjeld mellom dei oljeeksporterande utviklingslanda i OPEC og dei andre utviklingslanda i spørsmål som har med energi og fossilt brensel å gjøre. På grunn av dei politiske motsetnadene innåt i G77, er gruppas posisjonar for det meste kompromiss for å gjøre alle – eller i alle fall dei fleste – til lags. Som i FN arbeider ein i G77 på basis av konsensus. Dermed blir ikkje alle alltid like nøgde.

Ministermøtet er det øvste vedtaksorganet i G77. Det trer saman årleg i forkant av den årlege sesjonen i FNs hovudforsamling, av og til også i samband med sesjonar i UNCTAD, UNIDO og UNESCO.

## G24

Den mellomstatlege G24-gruppa, som arbeider med valuta- og utviklingsspørsmål, blei etablert i 1971. Målet for gruppa er å samordne u-landas posisjon i valuta- og utviklingssaker. Medlemslanda er

- Afrika: Algerie, Elfenbeinskysten, Egypt, Etiopia, Gabon, Ghana, Nigeria, Sør-Afrika og Den demokratiske republikken Kongo
- Latin-Amerika og Karibia: Argentina, Brasil, Colombia, Guatemala, Mexico, Peru, Trinidad og Tobago og Venezuela
- Asia: India, Iran, Libanon, Pakistan, Filippinane, Sri Lanka og Syria.

G77-land kan delta på G24-møte som observatørar. G24 opererer både på politisk nivå med møte mellom ministrar og med møte mellom embetsfolk. Landa møtest to gonger årleg, gjerne i samband med møte i Pengefondet og Verdsbanken.

Alle arbeidsoppgåver og nettadresser: **sjå under.**